



## Møteprotokoll for Valstyret Alver

**Møtedato:** 18.09.2018  
**Møtestad:** Kantina, rådhuset Knarvik  
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Utvalsleiar
Øyvind Oddekalv	Meland	Medlem
Nils Marton Aadland	Meland	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Marit Jøssang	Meland	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	Jon Askeland

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**  
Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Kommunestyre- og fylkestingsval 2019
003/18	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 valkrinsar
004/18	Melding/orientering til valstyret 18.09.2018

## **001/18: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **18.09.2018 Valstyret Alver**

Ingen merknader, samrøystes.

### **VA - 001/18 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent

---

## **002/18: Kommunestyre- og fylkestingsval 2019**

### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

### **18.09.2018 Valstyret Alver**

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **VA - 002/18 INNSTILLING:**

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

---

## **003/18: Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 valkrinsar**

### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**

Det vert lagt fram 2 alternativ til vedtak:

#### **Alternativ 1:**

Lindås kommune reduserar tal valkrinsar frå 11 til 4. Då kan valkrinsane, med 1 unntak, vera lik ungdomsskulekrinsane. Unntaket er Alversund, i tillegg vert det Ostereidet, Lindås og Knarvik.

Meland kommune kan redusera frå 6 til 4 valkrinsar. Då er det Sagstad, Rosslund, Vestbygd og Grasdalen som vert verande. Flatøy og Husebø går ut.

Radøy har allereie redusert på valkrinsane, men Austbygd kan gå til Hordabø og det er då 3 krinsar tilbake. Det ver då Sæbø og Manger i tillegg til Hordabø.

Vi endar då opp med totalt 11 valkrinsar i Alver kommune.

#### **Alternativ 2:**

Lindås kommune reduserar tal valkrinsar frå 11 til 9. Valkrinsane tilsvarar då barneskulekrinsane.

Feste går til Seim og Skodvin går til Lindås.

Meland kommune reduserar valkrinsar frå 6 til 4. Flatøy går til Sagstad og Husebø til Rosslund.

Radøy reduserar valkrinsar frå 4 til 3. Austbygd går til Hordabø.

Vi har då 16 valkrinsar med kommunale bygg som vallokale, 3 av dei er idrettsbygg.

**18.09.2018 Valstyret Alver**

**Fellesframlegg ved Ø.Oddekalv:**

Alver kommune opprettheld stemmekrinsar i dagens kommunar. 11 i Lindås, 6 i Meland og 4 i Radøy, totalt 21 stemmekrinsar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**VA - 003/18 VEDTAK:**

Alver kommune opprettheld stemmekrinsar i dagens kommunar. 11 i Lindås, 6 i Meland og 4 i Radøy, totalt 21 stemmekrinsar.

---

**004/18: Melding/orientering til valstyret 18.09.2018**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

**18.09.2018 Valstyret Alver**

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VA - 004/18 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering.

---